



## Bykle og Valle 2020

Før dørene smalt kraftig att bak oss, rakk vi akkurat å gjennomføre UNG KULTUR MØTAST på Hovden grendehus 7. mars.

Ei ståande framsyning med mange barn og unge fra Bykle og Valle kommune.

Det var rekordstor deltaking med heile 63 elevar i år. Dei deltok med musikk, dans, kunst og nokon var unge arrangørar. Salen var full av begeistra foreldre, besteforeldre, søskjen og vener.

Det var 177 publikummarar denne dagen.

Dei gjorde alle ein strålende innsats og vi er så stolte av



ungdommen vår. Det er ei kjensle som er god å ha med seg i desse uvante tider.

Vi lengtar etter å kunne gjere det same igjen, og håpar at vi neste år kan gjere ein ny innsats i samarbeid med Valle. Slik at ungdommane i kommunen får vist kva dei kan og ikkje minst vart kjende med jamngamle frå nabokommunen.

Diverre kjem vi til å sakne slike arrangement ei lang stund, og vi veit framleis lite om kva vi skal førebu oss på til hausten. Men vi held motet opp og skal sørge for ein folkefest den dagen vi kan rekne oss for friskmeldte. Då kan det hende vi deler ut klemmar i staden for roser.

Sjølv om ein del, ja faktiske dei fleste av arrangementa våre er avlyst framover, vil me jobbe for å finne andre løysingar som kan gi gode kulturopplevelingar for både små og store. Har du ein god ide på digitale løysingar eller andre måtar å møte menneskjer utan å vere i fysisk kontakt, så send oss gjerne idar eller ynskjer.

Helsing Tenesteleiar Kultur og fritid, Helga Jacobsen.

### Bli med å lage ein utstilling på kulturhusa våre

Sjølv om husa våre er stengde ynskjer vi å pynte dei litt og håpar du vil vere med!

Regnbogen er korona-symbolet på at «Alt blir bra». Spesielt viktig beskjed for dei minste som kan lese regnboge beskjeden på lik linje med alle vaksne.

Alder for å delta: 0-100 år. Lag /teikn/sy/mal ein regnboge. Bruk gjerne sterke fargar.



Du kan levere bildet ditt på Extra på Hovden eller på Coop Prix i Bykle. Vi i kultur og fritid hentar kunsten, for så å henge dei samla opp i vindauge på grendehuset, samfunnshuset og kanskje andre stader også, dersom vi får inn mange gode bilder.

Spørsmål, ta kontakt med: helga.jacobsen@bykle.kommune.no



Insherah Dahab



Tarjei Rysstad



Emilia Jodlowska



Emilia Jodlowska



Sadan Ali



Nichapat Noijanad



Sadan Ali og Insherah Dahab



Sadan Ali



Følg Bykle kommune på  
facebook



# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Mai 2020 | 31. ÅRGANG | OPPLAG 982



## 17. mai



Taler, utdeling av kulturpris og utviklingsstipend og kulturinnslag vert i år streama på nettet

Det kjem meir informasjon seinare i Setesdølen og på kommunen sine nettsider, bl.a. med tidspunkt.



Kl. 08.00 Flaggheising ved rådhuset og Bykle alders- og sjukeheim v/speidarane

Kl. 09.00 Flaggheising i Hovden sentrum v/speidarane

Kl. 09.00 – 15.00 Natursti i Bykle og Hovden for kjørande og gåande.



### Slippe å bake kaker til 17.mai ?

9.klasse stiller med gode kaker som du kan bestille på forhånd og hente 16.mai.

Inntekten går til Polenturen i 10.klasse.

#### Du kan bestille følgende kaker:

- \* Sjokoladekake
- \* Gulerotkake
- \* Verdens beste

Kakene kommer ferdig i kakestykker i bokser.

5 x kakestykker kr.100,-  
10 x kakestykker kr. 200,-  
Enkel stykker kr.25,-

Bestilling gjør du ved å sende en tekstmelding eller ringe til Signe på telefon: 481 77 122

Du sender **antall** og **hvilke kaker du vil ha og navnet ditt**. Innen 14.mai klokken 12.00

Hentes på utsiden av Hovden Grendehus og Bykle samfunnshus lørdag 16.mai mellom klokken 15.00 og 16.00

Med vennlig hilsen  
9.klasse på Bykle Ungdomsskule



#### Desse arrangementa vert avlyst pga koronasituasjonen:

- Sommarkonserten til Kulturskulen i juni
- SommarCamp for ungdom i august
- Bygdekinoen

Har du spørsmål, så ta kontakt;  
Helga Jacobsen-  
[helga.jacobsen@bykle.kommune.no](mailto:helga.jacobsen@bykle.kommune.no)

**Kulturhusa i Bykle og på Hovden held  
stengt fram til 15. juni, i tråd med  
Helsedirektoratets retningslinjer**



# Informasjon frå Bykle kommune

[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

## Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

**Dei neste utgåven av Byklaren kjem ut som fylgjer:**

Juni (Frist 15:05), Det vert ikkje utgåve i Juli

Send tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no)

## KULTURSKULEN

Kulturskulen følger tilrådingane frå Norsk kulturskoleråd og KS om å vente med å opne kulturskuleundervisning til alle elevane er tilbake i grunnskulen. Det er liten kapasitet for å få til digital undervisning for alle etter at kulturskulen måtte stenge. Det blir ikkje sendt faktura for undervisning i tida kulturskulen held stengt.



## Søknadsfrist for nye elevar til hausten

Søknadsfristen til kulturskulen er 27 mai, men vi tek inn elevar så lenge det er plass også til hausten.

Vi utsett å legge timeplanar til august i år, så ein vil altså ikkje få tildelt tidspunkt før sommarferien som tidlegare.

Dei som er elever i kulturskulen allereie treng ikkje søkje på nytt, dei beheld plassen sin også til hausten.

## Ny tilsett frå august

Vi er glade for å kunne fortelje at frå hausten får vi ny musikk- og kulturskulelærar. Knut Finsaas frå Steinkjer gler seg til å ta fatt på nye oppgåver og vi ser veldig fram til at han er på plass. Han tek over for Atle P. Gundersen som avsluttar kulturskulejobben denne våren.

Knut skal ha undervisning i blant anna band, gitar, bass, lyd og lys, ukulele og musikkprogram. Nokre av tilboda kjem først på plass når han har starta hos oss, då vil meir informasjon bli sendt ut til alle frå 6-19 år som bur i kommunen.

## Korona-tiltak med symaskin

Både kommunetilsette og andre blir spurta om å gjere nye ting for tida. Liv Breivegen, Anne-Margrete Malme Bjåen og Birgit Breive Lidtveit sør munnbind til bruk i helsevesenet. Her er Liv som får brukt stoffrestar i ein litt møysopermelig jobb som altså kjem helsevesenet til gode.



## Ny tilsett frå august

Vi er glade for å kunne fortelje at frå hausten får vi ny musikk- og kulturskulelærar. Knut Finsaas frå Steinkjer gler seg til å ta fatt på nye oppgåver og vi ser veldig fram til at han er på plass. Han tek over for Atle P. Gundersen som avsluttar kulturskulejobben denne våren.

Knut skal ha undervisning i blant anna band, gitar, bass, lyd og lys, ukulele og musikkprogram. Nokre av tilboda kjem først på plass når han har starta hos oss, då vil meir informasjon bli sendt ut til alle frå 6-19 år som bur i kommunen.

## Tømekalender

Restavfall: 06.05  
Matavfall: 06.05, 20.05  
Glas/metall, papir og plast: 20.05

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:  
- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30 unnteken 21.05  
- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

## Utlån av bøker

Sjølv om du ikkje kan inn på biblioteket kan du låne bøker. Send e-post til [biblioteket@bykle.kommune.no](mailto:biblioteket@bykle.kommune.no) eller ring 379 38 690 (kvartdagar 9-15). Ta gjerne ein titt i katalogen, den finn du her: <https://websok.mikromarc.no/bykle-fb>

Bestill ei bestemt bok eller kom med ønsker, vi kan gjerne lage ei forundringspakke. Hugs også å skaffe lesestoff til barna!

PS! Vi har også tidsskrift, lydbøker og filmar.

Helsing biblioteket

## Alternativ til seniortrim og kafé på Frivillighetssentralen i Bykle



Når vi ikkje kan møtast som vanlig til seniortrim og kafé på mandagar, inviterar vi istaden til å møtast for ein gåtur saman - med nødvendig avstand. Ta gjerne med stavar om du har. Om været tillet det, tek vi ein rast med kaffe etter turen. Oppmøte utanfor biblioteket måndagar kl. 10.30. Ta kontakt med Bykle frivilligsentral ved Merete på 941 75 773 for spørsmål.

## Møte mellom mennesker

## Trim, frisk luft og litt sosialt - for vaksne damer, Hovden



## Ny utlånsløysing for e-bøker og e-lydbøker

Frå mai går vi bort frå eBokBib og over til Bookbites. Bookbites er enkel og brukarvenleg, og du kjem i gang ved å laste ned appen på din smarttelefon/ nettbrett. Du treng lånekortnummeret ditt og ei e-postadresse. Ta kontakt om du treng hjelp.



Biblioteka tilbyr PressReader, ein app som gir deg tilgang til mange aviser og magasin på mange språk. Døme på aviser er Dagbladet, Aftenposten, Bergens Tidende, Varden - men også utenlandske t.d. The Washington Post og mange fleire!

1. Last ned appen Pressreader
2. Besøk biblioteket (det held at du står utafor og bruker nettet). Logg inn med wifi: bruk Setesdal IKT gjest og lag bruker. Når du har fått logga på nettet har du tilgang til PressReader i 60 dagar (til vanleg kun 72 timer, utvida pga. situasjonen med stengte bibliotek).
3. Last ned aviser og magasiner til smarttelefon eller nettbrett

## Jakt i Bykle Statsallmenning og Njardarheim

Bykle Fjellstyre minner om at søkerfristen for reinsdyrjakt og småviltjakt i Bykle Statsallmenning er **1.juni**. Det same gjeld reinsdyrjakt i Njardarheim (Bygdejakta). Søknad kan sendast pr e-post til: [bykle@fjellstyrene.no](mailto:bykle@fjellstyrene.no) eller pr post til: **Bykle Fjellstyre v/Jan D. Dalen, Nedre Sarv 6, 4754 Bykle**. For meir info om jakt, fiske, leige av båt og hytte, sjekk vår nett-side [www.byklefjellstyrene.no](http://www.byklefjellstyrene.no)

Jan D. Dalen - leiar

## ORGANISERTE AKTIVITETER I REGI AV HOVDEN SPORTSKLUBB ER SATT PÅ VENT INNTIL VIDERE

I påvente av normal drift anbefaler vi alle å delta i «Hovden på tur 2020» konkurransen via Appen Trimpoeng.no

Klubben har i tillegg lansert en ny Trimpoeng aktivitet som er tilpasset barmark og hele familien med premiering. Følg med på klubbens Face book

